

Omsetningsrådet
v/ Landbruksdirektoratet
Postboks 1450 Vika
0116 Oslo

Dykkar ref.: 19/63842 - 1

Vår ref.: sfl

Oslo, 04.03.2020

Høyring - Forslag til endringar i Omsetningsrådet sine regelverk

Omsetningsrådet har 29.11.2019 sendt på høyring forslag om endringar i

- forskrift 22.10.2008 nr. 1136 om markedsregulering til å fremme omsetningen av jordbruksvarer (markedsreguleringsforskriften) med tilhøyrande retningslinjer

Vidare er sendt forslag om følgjande nye forskrifter:

- forskrift om kompensasjon til frivillig førtidsslakting av verpehøns
- forskrift om priskompensasjon ved innenlands produksjon av skilleprodukter av egg
- forskrift om prisnedskrivning av melk solgt til skoler og barnehager
- forskrift om prisnedskrivning ved salg til spesialmarkeder

Norske Felleskjøp motteke forslag til endringar i

- marknadsreguleringsforskrifta (vedlegg 1 til høyringsnotatet)
- retningslinjer for markedsregulering av korn (vedlegg 9)
- retningslinjer om anvendelse av midler fra omsetningsavgiften til faglige tiltak og opplysningsvirksomhet (vedlegg 10).

Landbruksdirektoratet sitt høyringsnotatet av 29.11.2019 er grunnlaget for høyringa.

Vi viser til at fristen for å sende høyrings svar i e-post frå Landbruksdirektoratet av 19.02.2020 er utsett til 05.03.2020.

Endringar i forskrifta om marknadsregulering

Høyringsnotatet har gjort ein gjennomgang av korleis ein kan redusere risikoen for konkurransevriding i marknadsreguleringa og av ein forvaltningsmessig gjennomgang. Vidare er kjøtt- og mjølkesektoren drøfta særskilt. Også opplysningsverksemda og ordningane med spesialmarknadar er gjennomgått.

Høyringsnotatet legg til grunn at marknadsregulator sine avgjerder om forsynings- og mottaksplikt er ikkje underlagt klagerett, heller ikkje tilhøyrande vurderingar av pris og vilkår som skal gjelde for leveransen og som i utgangspunktet er avgjerande for uavhengige aktørar sine rettar og plikter.

Plikta til å forsyne og ta imot råvarer er uavkorta innafor rammene av dei vilkåra marknadsregulator har bestemt (marknadsreguleringsforskrifta § 3-1).

Når det gjeld avsetningstiltak og produksjonsregulerande tiltak legg høyringsnotatet til grunn at det er klagerett over marknadsregulator sine avgjerder når fleire aktørar kan delta i dei ulike ordningane for avsetningstiltak og når marknadsregulator administrerer søknadsprosess og formidlar tilskott. Ordningane skulemjølk, spesialmarknadar for egg og mjølk og frivillig førtidsslakting av verpehøns er nemnt som slike tiltak der uavhengige aktørar vil ha klagerett. Norske Felleskjøp legg til grunn at det same må gjelde ordningane med prisnedskrivning og overlaging i kornsektoren.

Omsetningsrådet opnar vidare for at gjennomføringa av avsetningstiltak der også uavhengige aktørar deltek, bør vere administrert av Landbruksdirektoratet. Enkelte ordningar i mjølkesektoren er nemnt som eksempel på dette, medan frivillig førtidsslakting av verpehøns kan tolkast til å vere ei ordning ein meiner Nortura framleis bør administrere.

Norske Felleskjøp viser til at for gjennomføring av overlaging av korn er tilbodskonkurranse fastsett som metode i retningslinene for marknadsregulering av korn, jamfør § 2-1 punkt 1). Norske Felleskjøp har ut frå egne vurderingar lagt til grunn bruk av tilbodskonkurranse også for det andre viktige avsetningstiltaket; prisnedskrivning av matkorn til før.

Det kjem ikkje fram av høyringsnotatet om tilbodskonkurransane på kornsektoren høyrer til blant dei ordningane som bør vere administrert av Landbruksdirektoratet eller av marknadsregulator.

Dersom det er viktig at administreringa av enkelte avsetningstiltak vert gjort av direktoratet, er det avgjerande at gjennomføringa blir gjort i god dialog med bransjen og på ein måte som sikrar ivaretaking av balansen i marknaden i sesongen.

Omsetningsrådet foreslår å regelfeste plikta til å gjennomføre forsynings- og mottaksplikta i § 3-1. Norske Felleskjøp har ingen merknader til dette. Vi viser til at forsyningsplikta i kornsektoren i den gjeldande marknadssituasjonen berre gjeld sal av reguleringsvare. Sidan reguleringstiltak blir gjennomført etter tilbodskonkurranse, har Felleskjøpet i dag inga forsyningsplikt.

I § 6 er foreslått reglar for informasjonshandtering. Norske Felleskjøp har ingen merknader til desse og tiltak for oppfølging av Landbruksdirektoratet sitt brev av 27.06.2019 er sett i verk, med tilvising til foreslått § 6.

Vurderingane rundt klagerett er foreslått nedfelt i forslag til ny § 7-2 i marknadsreguleringsforskrifta. Norske Felleskjøp har ingen merknader til denne.

Norske Felleskjøp har ingen merknad til foreslått § 7-3 om rett til innsyn om grunnlaget for Omsetningsrådet sine vedtak.

Høyringa drøftar innhald i omgrepet retningsliner og utforminga av slike. Norske Felleskjøp har ingen merknader til Omsetningsrådet sine vurderingar, men viser til at vi har utforma eigne rettleiingar til kornbransjen under tittelen retningsliner for å klargjere den nærare måten vi vil gjennomføre avsetningstiltak på. Retningslinene klargjer også korleis vi disponerer midlar frå fondet for omsetningsavgift med verknad for aktørane i kornbransjen.

Endringar i retningsliner for marknadsregulering av korn

§ 1 i gjeldande retningsline er foreslått sletta. Paragrafen handlar om plikt til å foreslå satsar for omsetningsavgift. Dette kravet er nedfelt i marknadsreguleringsforskrifta § 3-2. Norske Felleskjøp har ingen merknader til endringa.

I gjeldande § 2-1 punkt 2 om prisreduksjon ved alternativ bruk (omdisponering) blir det foreslått å stryke formuleringa «Endelig beløp bevilges av Landbruksdirektoratet». Forslaget er ikkje nærare grunnlagt. Tilsvarande formulering får stå i punkt 1 om overlaging. Strykinga kan etterlate inntrykk av at det blir lagt opp til ulik handtering av måten Omsetningsrådet løyver midlar til dei to tiltaka. Vi finn dette unaturleg og går ut frå at det heller ikkje er tilsikta. Vi foreslår at formuleringa får stå i både punkt 1 og 2.

I gjeldande § 2-2 (ny § 1-2) fjerde ledd er formuleringa om tilgang til midlar à konto presisert med at formuleringa om å sende oppgåve, blir erstatta av «forespørsel vedlagt oversikt over utbetalinger». Dette er i samsvar med praksis og Norske Felleskjøp har ingen merknader.


Endringar i retningsliner for faglege tiltak og opplysningsarbeid

Gjeldande praksis med samarbeidsråd både for faglege tiltak og for opplysningsarbeid vert nedfelt i § 2.

§ 2 punkt 5 om å kunne dekke tiltak i regi av Norsk Landbrukssamvirke som er innafør formålet med omsetningslova, er fjerna. Endringa er ikkje omtalt i høyringsnotatet. Norske Felleskjøp legg til grunn at årsaka er at punktet ikkje er aktuelt lenger.

Med vennleg helsing
Norske Felleskjøp


Eli Reistad
Adm. dir.


Sindre Flø
Fagsjef marknadsregulering